

– Var ikkje mentalt og militært rusta for krigen

– Noreg var både mentalt og militært avrusta før den 2. verdskriga. Dette meiner både krigsforsfattar Alf R. Jacobsen og Roar Hagen at vi må lære av. Tysdag vart pengegåva frå Audrey, syster til Fredric Gordon Sides, markert med eit lærerikt foredrag om krigen.

– Norske soldatar mangla både utstyr, trening og mental beredskap då tyskarane angrep oss i 1940. Bokgåva som folket i Ørsta har fått frå Audrey, syster til Fredric Gordon Sides, skal minne oss om kva dei australske soldatane døydde for i ein kald norsk fjord. Det var friedom og demokrati, seier Roar Hagen som torsdag kunne presentere forfattar Alf R. Jacobsen for ein fullsett flatsal på Ørsta kulturhus.

Bakgrunn

5. desember 1944 omkom den australiske flygaren Frederic Gordon Sides i samband med eit flyåtak mot dei to tyske skipa Radbot og Albert Janus som hadde lagt seg til i Ørstafjorden. Åtaket skjedde med 17 australske Bow-Fighters og 5 kanadiske Mosquitos, og vart leia av skvadronleiar Neil Smith.

Sverre Hagen i Ørsta fann fallskjermen etter den omkomne flygaren, og overleverte denne til familiene i Australia i 1948. Etter dette har han og familien hatt mykke kontakt med familiene til desse soldatane, og dei har vore på besøk her i Ørsta ei rekke gonger.

Bokgåve

Som mangeårig medlem av Ørsta Rotaryklubb har Sverre i alle år sidan vore ein pådrivar for å halde minnesmerket på Lianeset i hevd. Han har også ivra for at pengegåva på 11.000 som Ørsta kommune har fått frå syster til Gorden Sides, Audrey, skulle nyttast på ein god måte, og at dette måtte markerast.

– Sverre Hagen har vore som ein primus motor for dette minnesmerke på Lianeset og også for denne pengegåva, fortel biblioteksjef Birgit Barstad Sørheim som har fått ansvar for å kjøpe inn litteratur til samlinga.

Ei bok er allereie på plass. Det er Ian Gordon si bok, "Strike and strike again".

Det var Birgit som meinte at ein burde få ein forfattar til Ørsta, som har skrive om krigen, for å markere at kommunen har fått denne penge-summen.

– Sverre og Roar Hagen syntest Alf. R Jacobsen var den beste vi kunne få tak i, seier Birgit.

Alf. R Jacobsen

Roar Hagen, som er avisteiknar i VG, har kjent Alf. J. Jacobsen lenge. Dei møttest første gongen då Roar tok til å arbeide i avis VG.

– Eg hugsar mitt første møte med han. Han sat og røykte sigar, slik som journalistar gjer i gamle filmlar. Det første han spurde meg om

var kor mange sølvpengar Judas fekk, og kva han gjorde med dei. Sidan eg har gått på Lystad bedehus kunne eg svaret. Då sa han: "Du er min venn", minnest Roar.

– Kvifor ville du at akkurat Alf. R. Jacobsen skulle halde foredraget i kveld?

– Han er den mest dedikerte og dyktigaste journalisten og forfattaren eg kjenner. Dessutan har han skrive fleire bøker frå krigen som har vorte bestseljarar. I boka "Kongens nei" skriv han mellom anna om kong Haakon, kronprins Olav og det som skjedde med den norske regjeringa på ein ypparleg måte. I arbeidet med bøkene frå krigen har han studert det tyske arkivet, som ein har meint ikkje var stuereint, og funne ut at det var påliteleg, seier Roar som, før Jacobsen fekk ordet, fortalte til dei frammøtte at han gledde seg stort til å høre foredraget.

Mental avrustning

Roar Hagen hadde god grunn til å gle seg. For Jacobsen fengsla publikum frå første stund. Han starta med å fortelje kor viktig industrien på Sunnmøre både var og er. Så gjekk han rett inn i det som skjedde då Noreg vart angrepet i april 1940.

– Kanonane på Oscarsborg måtte gravast fram frå snøen. Det var heller ikkje nok mannskap til å bruke dei. Vi hadde lagt ned forsvaret vårt, og materiellet var 50 år gammalt, fortalte han.

Men sjølv om utstyret var dårleg og soldatane var få og dårleg trena, var det fleire som gjorde ein heltemodig innsats. Den første som falt for Noreg var Kaptein Leif Welding Olsen som døydde ein halv time før midnatt 8. april, under eit heltemodig forsøk på å avskjære den tyske eskadren. Han var om bord i vaktbåten "Pol 3".

– Den store brannnen som kom etter at "Pol 3" vart skoten ned av torpedojagaren Albatross, førte til at folk i Oslo vart varsle om krigen. Noko som betydder mykje, sa Jacobsen.

Sjefen for luftforsvaret derimot hadde gått og lagt seg då angrepet skjedde. Utanriksminister Halfdan Koht hadde gått heim til elskarina si. Då Noreg vart angripne av Nazi Tyskland hadde vi berre 7 fly. Det mangla både hjelmar, sandsekker og sanitetsutstyr.

– I Noreg hadde det skjedd ei mental avrustning, sa foredragshaldaren, og meinte at det er vel så alvorleg som mangel på militært utstyr. I forordet til boka "Kongens nei" skriv forfattaren: "For regjeringen Nygaardsvold representerte det tyske overfallset et katastrofalt politisk nederlag, som den aldri kunne overvinne. Det er enhver regjerings fornemste oppgave å sørge for borgernes sikkerhet. Oppgaven var forsømt med fatale følger for folk og land."

Kongens nei

Jacobsen understreka at det var to skikkelsar som meir og meir står fram i eit klarare lys: kong Haakon og kronprins Olav. "Det kan neppe



Fra v. Alf R. Jacobsen, Sverre Hagen, Roar Hagen og ordførar Rune Hovde.

være tvil om at kongens beslutt-somhet og karakterstyrke flere ganger reddet regjeringen fra kapituulasjon og fikk den til å kjempe videre mot dårlige odds".

Foredragshaldaren fortalte at Olav, før han drog frå Skagum, hadde sagt at dei måtte hugse å skyte med skarpert.

Råvarer

Jacobsen understreka at det var mest på grunn av alle råvarene her som gjorde at Noreg var så interessante for Hitler.

– Tyskland hadde flinke ingeniørar og tekniske kunnskapar, men dei hadde ikkje koppar og stål. Noreg hadde både svovelkis, fisk, sildolje og torsk. Hitler kalla Skandinavia for ei uerstatteleg råstoffkilde, sa han.

Også i dag kan Noreg vere eit attraktivt militært mål på grunn av dette meinte Jacobsen.

Han var også innom den innsatten dei australiske soldatane gjorde i Ørstafjorden under krigen.

– Dei kom hit fordi dei kjende at imperiet var i fare, og fordi demokratiet var i fare, sa han.

Inspirasjon og lærdom

Etter foredraget var Roar Hagen

svært nøgd.

– Eg håper både dette foredraget og bøkene som skal ligge på biblioteket kan vere til inspirasjon for kommande slekter. Det at vi ikkje klarte å stoppe Nazismen og at nokon måtte gi livet sitt for oss, gjer at vi skuldar dei stor takk, seier Roar.

Han syntest også at parallellane til det som skjedde 22. juli er skremmende.

– Etter 22. juli har vi vorte meir tankefulle og opptekne av tryggleik og sikkerheit. Tankane går tilbake til 1940 då vi mangla elementært utstyr, slik som vi også gjorde 22. juli.

Rotary

På markeringa tysdag var også Rotaryklubben i Volda og Ørsta representerte. Rotary har dei siste åra lagt ned mykje engasjement, tid og pengar for å halde minnesmerke på Lianeset, som vart oppsett i 1947, pent og tilgjengeleg. Mange av dei som var til stades på arrangementet er med i Rotary. President Arnstein Nupen hadde dette å seie om foredraget til Jacobsen:

– Eg syntest det var eit interessant. Eg visste ikkje at det var så viktig å stoppe/hindre båttrafikken langs kysten som det Jacobsen for-

klarte. Han var svært flink til å framføre komplisert stoff, på ein forståelig måte, seier Nupen.

Imponert og rørt

Både Sverre Hagen og biblioteksjef Birgit Barstad Sørheim var imponert over frammøte og interessa for temaet.

– Foredraget var heilt eminent. Jacobsen er så flink til å framstille det som hende under 2. verdskrigens heilskapleg. Slik at vi forstår bakteppet for det som skjedde her i Ørsta under krigen. Det at folk frå Australia måtte rydde opp i konvoitrafikken, seier Sverre.

Han uttrykkjer vidare glede for at Rotary har teke over ansvaret for minnesmerke på Lianeset. Sverre håper elles boksamlinga på biblioteket vil bli brukt i opplæringa av den oppveksande slekt.

– Det er viktig at det som skjedde under krigen aldri vert gløymt, slik at vi kan lære av det, seier han.

– Forfattaren sjølv, Alf R. Jacobsen syntest det var veldig rørande at så mange var interessert i temaet, og hadde kome for å høre på han, fortel Roar Hagen.

Ingvild Runde